

NVE - Konesjonsavdelinga
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

12.10.2023

Søknad om konsesjon for uttak av vatn til jordvatning etter vassressurslova § 8.

Syner til dykkar brev frå 11.04.2023 med ref. 201840133-43, og vil med dette søkja om forenkla konsesjon etter vannressurslova § 8 til å ta ut vatn frå Kvassheimåna til jordvatning.

Bjarne Kvadsheim ynskjer å nytta vatnet i Kvassheimsåna i Hå kommune i Rogaland fylke til jordvatning og søker med dette om følgjande løyve:

I Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- Å ta ut vatn frå Kvassheimåna til jordvatning.

Vedlagte utgreiing gjev alle naudsynte opplysningar om tiltaket.

Med venleg helsing

Bjarne Kvadsheim

Kvassheim 21

4363 BRUSAND

Bjarne.Kvadsheim@Stavanger.kommune.no

Mobil 958 98 067

Samandrag

Eigendommen som eg no eig (min bror, Lars H. Kvadsheim, døydde 15.01.2023) på Kvassheim gardsnummer 103, bruksnummer 4 i Hå kommune, har heilt sidan midten av 1970-talet hatt uttak av vatn til jordvatning. I følge opplysningar på sida dykkar om vatnuttak til jordvatning, står det at eldre tiltak kan fortsetja som før. *«De som har tatt ut vann til jordvanning før vannressursloven kom og har tillatelse etter eldre lovverk, eller utan konsesjon, kan fortsette i same omfang som før utan å søke».* Me har ei mobil elektrisk pumpe som me sett ut ved behov og som blir kopla til straum.

- Uttaksperioden er 1. juni til 31. august.
- Maksimalt uttak av vatn er 22000 m³.
- Maksimal vassuttak er 11,1 l/s.
- I periodar med tørke, som sommaren 2023, er det naudsynt med vatning. I dag er det mjølkeproduksjon på bruket og det blir difor i hovudsak produsert gras på arealet. Arealet ligg inntil Kvassheimåna og avrenning frå dette arealet renn ut i same åna.
- Vatnet me tek ut er i nedre del av Kvassheimåna og uttaket har liten påverknad på vassmengda i åna.
- Ved låg vassføring er eg innstilt på at ein må rullera på kven som kan ta ut vatn i åna og at det må det lagast ein avtale på dette.

Eg syner også til felles tilbakemelding frå Laurits Stokkeland, Rune Kvassheim og Bjarne Kvadsheim, datert 7. oktober 2023, som inneheld relevant informasjon om Kvassheimåna

Eg legg ved kart som syner kor uttakspunktet vårt er i vassdraget.

Legg ved bilete som syner høllen der uttaket for vatn blir gjort i dag og vatnføringa.

Legg ved bilete av areala som treng vatning i tørre periodar.